

Da hev seg so, er 'kje godt aa dylja

Stevtonen

1) Da hev seg so, er 'kje godt aa dylja
at støv aa bos vil os alle fylja
ein kan no væra kva mann ein vil
ei dagleg fjelga so maa dar til

2) Korleis ein stell seg aa kor ein baska
ein kjem 'kje fraa det, ein lyte vaska
aa sjaa me paa det so er det rart
kor ureint alting i verdi vart

3) Palladser, hyttor aa mat aa bunad
aa kvart eitt kjerald, baa hatt aa krana
sjaa møtt aa smaatroll aa veggjelus
hev ingje blygskap for noko hus

4) Aa sjaa me kringum me finna levna
kor i ein inkje finn nokoslags trevna
ein finn det soleis i aagd aa høg
med det ein ven seg ein verte nøgd

5) I verddens soga me finn det skrive
kor stygt aa felt er 'kje mannlive
at hat aa hevn aa slikt styggedom
i mannlive skal hava rum

6) At da er soleis da faar ein føla
naar etteer djevelskap ein skal vøla
naar alt det menneskje heve skjemt
skal att til fjelgast, daa er det slemt

7) Dei store trolli, dei glupske ulvar
umkring i hierne skrik aa buldrar
dei bit aa flengje, forgift dei spyr
ein skjelv aa bebra, baa folk aa dyr

8) Aa du for raaskap aa skjetesøyda
aa du for skjemd, so ein ei kan vøla
aa du for hjarta aa du for vit
kva han faar sjaa so uppyver sit

9) Ja kongar, krigar aa myrdegreier
da fylgst na aat uti alle leidar
Ja gudeløysa aa heidningskap
aa alle lakaste skrapeskap

10) Ein blohund so med ei kruna sprikje
ein veitegravar burt i eit dikje
sjaa me paa gagne aa alt tilrest
kven av dei to skal ein vyrda mest

11) Aa du kor kalt aa kor stygt aa skjete
aa du kor lite folk brukar vite
ja verdi ho heve skjemt seg so
at ho i sanning treng storvask no

12) Men Gud i himlen han ordnar vaskje
ti utan vil da no ga for baskje
ein vaskeda kan ein venta paa
til krossen faar ein vel krypa daa